



Fantastisk var det å høyre Eva Megyesi og ektemannen Pawel Cabala spela firehendig på kyrkjeorgelet.

Torsdag 19, november bør uskedalingane gå mann av huse og innta kyrkja, for då er det deira tur til å nytta den internasjonale musikkfestivalen som kantor Eva Megyesi har organisert. og som starta i kveld. Ikkje berre let ein seg imponera av ungararen sitt framifrå orgelspel som er av internasjonal klasse - ho har også eit imponerande kontaktnett i Europa som vi no kan nytta av. Og i tillegg var ho fått enda betre sving på koret i Rosendal enn Maria Malmsten hadde - og det seier ikkje så lite!

Rundt rekna 100 var i kyrkja i den timelange konserten som hadde fleire høgdepunkt. Likevel var det Eva sjølv soim imponerte mest, særleg i dei avsluttande komposisjonane av Saint-Saens og Alfred Hollins. Då var det som om 1200-talskyrkja lyfta seg!

Det var eit allsidig program ho hadde lagt til rette. Songlaget starta med All my trials og vidare song dei eit svært allsidig repertoar - til og med 2 songar frå Spelemann på taket. Det var sanneleg eit triveleg gjenhøyr!

Eit artig innslag var det også då Eva og kollega/ektemann Pawel Cabala (frå Polen) spela firhendig. Vidare er det også grunn til å trekka fram Eva si tolking av Sandvoll sin orgelsonate i f-moll og Weavers Toccata. Og igjen er

det grunn til å gjenta at kommunen gjennom Eva har fått ei kunstnarleg innsprøyting av sjeldan kvalitet, og vi håpar ho blir her lenge!

MUSIKKFESTIVALEN 12 KYRKJER går vidare neste torsdag på Valen og så kjem Husnes sin tur 12. november. Eva har henta inn topputøvarar frå Polen og Romania til konsertane.



Rosendal songlag imponerte! Dirigent: Eva Megyesi

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Kristian O. Bringedal